

## Vedlegg 1

### REFERAT - UTKAST

# Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 27.04.2018 | Klokkeslett: 12:00-15:00 | Dato: Velg dato.

Stad: Fylkesutvalssalen, Hordaland fylkeskommune

Sakshandsamar: Torill Klinker Dato: 30.04.2018 Dok: Fyll inn.

	Namn	Part
<i>Møtedeltakarar</i>	Terje Moe Gustavsen (møteleiar)	Statens vegvesen
	Anna Elisa Tryti	Bergen kommune
	Anne Gine Hestetun	Hordaland fylkeskommune
	Kirsti Slotsvik	Jernbanedirektoratet
	Lars Sponheim	Fylkesmannen i Hordaland
<i>Øvrige deltakarar til stades</i>	Anne Iren Fagerbakke	Bergen kommune
	Øivind Støle	Bergen kommune
	Mette Svanes	Bergen kommune
	Rune Herdlevær	Bergen kommune
	Pål Kårbo	Hordaland fylkeskommune
	Rune Haugsdal	Hordaland fylkeskommune
	Håkon Rasmussen	Hordaland fylkeskommune
	Ole Hallvard Harlem Dyrbekk	Hordaland fylkeskommune
	Roger Skoglie	Hordaland fylkeskommune
	Helge Eidsnes	Statens vegvesen
	Hans Silborn	Statens vegvesen
	Kristoffer Sandvik Monsen	Statens vegvesen
	Ingrid Feet Bjørgo	Statens vegvesen
	Kristian Bauge (sak 40/18)	Statens vegvesen
	Beate Eide Riisnæs (sak 40/18)	Statens vegvesen
	Beate Mæsel	Statens vegvesen
	Kjell Kvindedal	Fylkesmannen i Hordaland
	Trond Høyde	Jernbanedirektoratet
	Torild Hage	Jernbanedirektoratet
	Lars Christian Stendal	Jernbanedirektoratet
	Astrid Håvik	Jernbanedirektoratet
	Hans-Egil Larsen (sak 38/18)	Bane NOR
	Ingvild Eikeland (sak 38/18)	Bane NOR
	Anders Haga	Bergens Tidende
	Torill Klinker	Sekretariat

## Sakliste

- |           |   |
|-----------|---|
| Sak 36/18 | Godkjenning av innkalling og sakliste                           |
| Sak 37/18 | Godkjenning av referat fra møte 05/18                           |
| Sak 38/18 | Koengen som mogleg erstatningsareal for Mindemyren              |
| Sak 39/18 | Bybanen byggetrinn 4, behov for kostnadsreduksjon               |
| Sak 40/18 | Nye bomstasjonar og innføring av miljødifferensierte bomtakstar |
| Sak 41/18 | Reforhandling og framtidig utviding av avtaleområdet            |
| Sak 42/18 | Nettsida – statusmelding med filmsnutt                          |
| Sak 43/18 | Møteplan haust 2018   |
| Sak 44/18 | Eventuelt   |

### **Sak 36/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.

### **Sak 37/18 Godkjenning av referat fra møte 05/18**

Vedtak: Referat fra styringsgruppemøte 05/18 den 06.04.18 vart godkjent med følgjande endringar:

*Sak 30/18:*

*Vedtak: Styringsgruppa vurderer frigjeving av Mindemyren som ein føresetnad for gjennomføring av bybane mot Fyllingsdalen. Styringsgruppa ynskjer at det, i samband med mogleg erstatningsareal på Koengen, raskt vert gjort naudsynte avklăringer opp mot kulturminneomsyn og Bergen Live. Styringsgruppa ynskjer ei ny orientering om prosjektet i neste møte, den 27. april.*

*Sak 31/18:*

*Vedtak: Kostnadsoversлага viser at kostnadane ved byggetrinn 4 må reduserast. Sjølv med ei avkorting av strekninga er det behov for å redusere risiko og legge til rette for ein forsvarleg risikoprofil.*

*Styringsgruppa ser det difor som sannsynleg at BT 4 må avsluttast ved Oasen.*

*Dei avtaler som vert gjort framover må ta høgde for at byggetrinn 4 vert avslutta ved Oasen, men samtidig må dei ikkje utelukka at byggetrinnet likevel kan vidareførast til Spelhaugen. Dersom byggetrinnet vert avslutta ved Oasen, skal arbeidet utførast slik at det er mogleg å slutføra strekninga til Spelhaugen på eit seinare tidspunkt.*

*Byråd for byutvikling reserverte seg i høve til bystyremøtet den 25. april. Saka vert tatt opp igjen i neste styringsgruppemøte, den 27.april.*

## Sak 38/18 Koengen som mogleg erstatningsareal for Mindemyren

Prosjektdirektør Hans-Egil Larsen frå Bane NOR orienterte om bakgrunn for prosjektet, og framdrift i høve til frigjeving innan mai 2019. Sidan førre møte er det tilsett ein konsulent for prosjektet, det er utarbeida skisser, og det er gjennomført møter med dei ulike aktørene (Riksantikvaren, Bergen Live mfl.). Styringsgruppa presiserte viktigheita av framdrift, og bad om at prosjektet har tett kontakt med plan- og bygningsetaten i samband med byggesøknaden.

Styringsgruppa diskuterte moglege alternativ til Koengen. Partane var einige om at kostnadskontroll er svært viktig, og at ei rask avklaring er naudsynt i høve til framdrift for bybanen BT4.

*Vedtak:*

*Styringsgruppa vurderer frigjeving av Mindemyren som ein føresetnad for gjennomføring av bybane mot Fyllingsdalen, og presiserer viktigheita av stram framdrift i prosjektet.*

*Styringsgruppa understreker at kostnader til midlertidige løysingar for biltransporten må holdast lågast mogleg.*

*Styringsgruppa presiserer behovet for særskilt omsyn til kulturminne og konsertfasilitetane på Koengen. Styringsgruppa ber om at det parallelt med vidare arbeid med Koengen, vert undersøkt andre transportmogleger, herunder sjøtransport.*

*Hordaland fylkeskommune og Jernbanedirektoratet har ansvar for å leggja fram ei sak for styringsgruppa.*

## Sak 39/18 Bybanen byggetrinn 4, behov for kostnadsreduksjon

Fylkesrådmannen har tidlegare peika på at kostnadene for Bybanens byggetrinn 4, tross dei kutta som gjort, er utanfor styringsramma for prosjektet. Prosjekteigar ser behov for ytterlegare kostnadsreduksjon, og for å oppnå dette har ei eventuell avkorting av byggetrinn 4 vore diskutert i styringsgruppa. Bybanen Utbygging har no fått oppdatert den kvantitative delen av analysen som vart levert i oktober 2017 (KS2).

Roger Skoglie presiserte at dette ikkje er nokon ny KS2, og orienterte deretter om oppdaterte tal som syner at P50 er redusert med 100 mill. i høve til KS2-rapporten, og at usikkerheita også er redusert. Fylkesrådmannen peika på at prosjektkostnadene no ligg innanfor styringsramma, men at det er behov for ein diskusjon kring kostnadsfordeling.

*Vedtak: Med bakgrunn i tidlegare omtalte kostnadskontroll vedtek Styringsgruppa fylgjande:*

- *Tidlegare vedtekne kutt vert opprettheldt, med unntak av at varelevering til Oasen skal sikrast på ein hensiktsmessig måte.*
- *Bybanens byggetrinn 4 vert avslutta ved Oasen. Etablering av depot som fjell-løysing med dagslys i Løvstakken vest vert lagt til grunn.*
- *Vidareføring til Spelhaugen skal gjennomførast så raskt det er finansielt rom for dette, med den klare føresetnad at slikt tiltak ikkje skal forseinka byggestart på neste byggesteg til Åsane.*
- *Innkorting av traseen skal utførast slik at det er mogleg å sluttføra strekninga til Spelhaugen på eit seinare tidspunkt. Arbeidet skal samstundes gjerast på ein slik måte at det mellombelse endestoppet på Oasen vert eit funksjonelt knutepunkt med gode bymessige kvalitetar.*
- *Bybanen utbygging tek initiativ til ein gjennomgang av kostnadsfordelinga mellom partane.*



## Sak 40/18 Nye bomstasjonar og innføring av miljødifferensierte bomtakstar

Prosjektleiar Beate Eide Riisnæs (SVV) orienterte om prosess og framdrift for etablering av 15 nye bomstasjonar. To kontraktar er lyst ut, ein for grunnarbeid og ein for vegkantutstyr. Grunnarbeid på nye bomstasjonar har frist for ferdigstilling 29/11-18. Grunnarbeid på eksisterande bomstasjonar vert starta fortløpende etter at nye bomstasjonar er ferdigstilt. Eksisterande bomstasjonar skal vera ferdig oppgradert til 1/6-19. Det vil vera innkrevjing på samlede bomsnitt medan dette arbeidet pågår. Oppstart i sentrum skal prioriterast.

Kontrakten for vegkantutstyr legg opp til innkrevjing frå dei nye stasjonane frå 01.01.19, med unntak av stasjonane i sentrum og i Straumeveien. Desse tre stasjonane er utlyst som opsjon med frist 01.06.19, men gjennom forhandling med entreprenør er det ynskeleg å omprioritera slik at sentrum vert etablert først. Det vart presisert at framdriftsplanen er svært stram, og at det er ein viss risiko knytt til godkjenning av ny leverandør, leveringstid på utstyr og samtidige kontraktar (Oslopakke 3 og Bypakke Nord-Jæren).

Ved ein skilde plasseringar av nye bomstasjonar har det oppstått stor lokal misnøye, og særleg i Tellevikvegen er det ynske om fritak for betaling i den aktuelle bomstasjonen. Kristian Bauge (SVV) orienterte om grunnlaget for plasseringa, og regelverket i høve til eventuelt fritak.

Styringsgruppa peika på at det ikkje ligg nokon presedens i fritak for betaling, og bad om at den opprinnelige plasseringa av bomstasjonen i Tellevikvegen vert vurdert på nytt. Det vart presisert at dette må handterast lokalt, og ikkje er ei sak for styringsgruppa.

Innføring av miljødifferensierte takstar har vore utsett, men vert no innført frå 1. juni.

*Vedtak: Styringsgruppa tok saka til orientering.*

## Sak 41/18 Reforhandling og framtidig utviding av avtaleområdet

Det vert oppstart av reforhandling i Bergen, den 6. juni. Vedtakspunkt i saka utgjekk.

*Vedtak: Styringsgruppa tok saka til orientering*

## Sak 42/18 Nettsida – statusmelding med filmsnutt

Kommunikasjonsmedarbeidar Kristoffer Sandvik Monsen orienterte om arbeidet med utvikling av nye nettsider for miljøløftet. Nettsidene vil vera funksjonelle innan få veker, men ein tek sikte på ei meir aktiv synleggjering av nettsidene til hausten.

Deretter var det premiere på filmen: *Miljøløftet på et drøyt minutt*. [www.test.miljøløftet.no](http://www.test.miljøløftet.no) Styringsgruppa sette pris på innhaldet og peika på at bodskapen var tydeleg og at filmen var passe lang.

*Vedtak: Styringsgruppa tok saka til orientering*



## Sak 43/18 Møteplan haust 2018

Sekretariatsleiar vart bedt om å senda ut aktuelle datoar.

*Vedtak: Møteplan for hausten 2018 vert fastsett på neste møte i styringsgruppa.*

## Sak 44/18 Eventuelt

- Fylkesrådmannen bad om ei avklåring i høve til MVA og moglege konsekvensar for prosjekt med 50% statleg finansiering.  
Svaret frå Vegdirektoratet er at dette ikkje vil få konsekvensar for Bybanen, som er Miljøløftet sitt einaste 50/50-prosjekt, ettersom Bybanen er kostnadsberekna eksklusiv moms.
- Vedtak av handlingsprogram 2019-2022 har tidlegare vorte utsett til 6. juni. Styringsgruppa ser no at det berre er behov for å vedta innspel til bruk av dei statlege midlane før sommaren. Eit samla handlingsprogram for perioden 2019-2022, med fordeling av samlede midlar og omtale av samlede prosjekt i Miljøløftet, treng ikkje vedtakast av styringsgruppa før etter sommaren. Handlingsprogrammet kan deretter vedtakast av fylkesting og bystyre i dei ordinære budsjettprosessane til hausten.
- Styringsgruppa peika på at det er behov for eit møte til avklåring av sak 39/18, der ein også kan handsama handlingsprogrammet. Føreslårte datoar er 31. mai og 1. juni, tidsramme 17:00-20:00. Av praktiske grunnar vert møtet lagt til Oslo. Sekretariatet avklarer møtedato.